

Referat frå styremøte i Frivilligsentralen i Radøy måndag 19. feb 2018 kl 0900.

Desse møtte: Styreleiar Norvald Elvik, Silje Namtvedt, Karin Halland, Oddmund Skjelvik, Anne Karin Fjeld, Inger Solem, Ruth Marit Haugland og dagleg leiar Rune Rydland.
I tillegg møtte ordførar Jon Askeland og varaordførar Jostein Borlaug,

Sak 1: Frivilligsentralen i Alver kommune

Dagleg leiar orienterte:

I dag er det 1 frivilligsentral i kvar av dei kommunane som skal slåast saman, og ein dagleg leiar i kvar sentral. Kvar sentral får eit tilskot på om lag 400000 kr. Det skulle med noverande organisering tilsaman verta om lag 400 000 kr. x 3 , 1200 000 kr.

Tidlegare vart tilskotet frå staten gjeve direkte til kvar sentral gjennom kulturdepartementet. Tilskotet til sentralane er no bakt inn i rammetilskotet til kommunane. Dersom dei 3 sentralane vert slått saman til 1 sentral i nye Alver kommune, vert tilskotet på kr 400 000.

«For at frivilligsentralen skal verke, meiner eg at det er viktig med nærleik mellom den frivillige og brukaren.»

Sak 2: Strekpunkt i budsjettet for 2018 vedk. flykningar

Frivilligsentralen er med på eit samarbeid med Raude Kross, «Ut På Tur» med samling i Prestegarden etter turen. Samlinga i Prestegarden etter, er god språtrening for flykningane. I tillegg har frivilligsentralen i samråd med NAV ein flykting på språktrening saman pensjonisttreff kvar tysdag. Den framanspråklege leiar Bingo og Quiz. God språktrening for flykningen.

Frå politisk hald er det kome ynskje om at Frivilligsentralen må arbeida meir målretta mot flykningane i kommune. Det meiner dagleg leiar kan vera vanskeleg å få til på grunn av den høge alderen til dei frivillige. Her må det rekruterast frivillige frå ei yngre aldersgruppe. Det vil vera ei svært tidkrevjande oppgåve.

Det som er viktig når ein skal rekrutera og arbeida med frivillige, må arbeidet alltid leggjast opp på den/dei frivillige sine premisser. I denne prosessen må ein skunda seg langsamt slik at ikkje arbeidet går utover det frivillige arbeidet som i dag fungerer.

Sak 3: Skal Frivilligsentralen framleis ha eige styre

Det var stort fleirtal for å behalda styret i Sentralen

Sak 4: Årsmøte 2018

- Kven er årsmøte ?

Det vart ikkje teke stilling til dette.

Sak 5: Nye retningslinjer for Frivilligsentralen i Radøy

Det har vore eit ynskje frå politisk hald at retningslinjene må endrast. Ordføraren var usikker på om det var rette tidspunkt å gjera dette no. Det kan verta store endringar når det vert Alver kommune.

Ordførar vil ta dette opp med Rådmann og kommunalsjef.

Møte slutt kl 1050.

Rune Rydland
referent

Norvald Elvik
Styreleiar

Rune Rydland
Dagleg leiar